

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
22. 06. 2017	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Sakstr.	Tilgangskode

Dokument til byggesak gbnr 16/17 Askeland nordre – bustad

Kan disse to dokumenta som vedlagt legges inn på arkivsak 17/401 – under dokument ID 17/16992. Slik at all etterspurt dokumentasjon er samlet.

Vedlegg

1. Løyve til etablering – avkøyrsløse – FV 394 – Gnr. 16 bnr. 17 – Askeland nordre – Lindås kommune. Datert 21.06.2017.
2. Uttale – Fv. 394 – Dispensasjon frå byggegrense – Gnr. 16 bnr.17 – Lindås kommune. Datert. 21.06.2017

Med Helsing

Håvard Dyrkolbotn

Stranda 480

5993 OSTEREIDET.

E-post: hei-dyr@online.no



Statens vegvesen

HÅVARD DYRKOLBOTN
STRANDA 480
5993 OSTEREIDET

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
23. 06. 2017	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Sakst.	Tilgangskode

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/177760-7

Dykkar referanse:
17/401 - 17/14567

Vår dato:
21.06.2017

Løyve til etablering – Avkøyrsløse – Fv. 394 – Gnr. 16 bnr. 17 – Askeland nordre – Lindås kommune

Vi viser til søknad av 20.11.2016. Vi viser og til tidlegare korrespondanse og Lindås kommune sitt brev av 19.05.2017 der kommunen ber oss behandle søknad etter veglova.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til etablering av avkøyrsløse frå fv. 394 til eigedom gnr. 16 bnr. 17 i Lindås kommune.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløse frå offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Avkøyrsløse skal plasserast i tråd med situasjonskart datert 20.06.2017 (vedlagt). I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrsløse*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld bustadføremål for ei bueining.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsløse skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebanen. Eventuelle planter og liknande i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter (sjå *Krav til utforming*).
4. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Smalaste punktet i avkøyrsløse skal vere 5,5 – 6 meter (sjå *Krav til utforming*).

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

5. Stigningskravet må haldast (sjå *Krav til utforming*). Vi vil her særleg gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei 2 første meterane.
6. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
7. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna (sjå *Krav til utforming*).
8. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks- /fylkesvegen. Søkjar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslar, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
9. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, tar du kontakt med Statens vegvesen region vest, ved plan og forvaltning, som eventuelt godkjenner og gjev bruksløyve til avkøyrsla. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir sett i gang på eigedomen.
10. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.
11. Det er eit vilkår at Lindås kommune gjeve eventuelle naudsynte løyver.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslan har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrslar* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafiktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslar frå.

På den aktuelle strekninga er fartsgrensa 50 km/t og årsdøgertrafikk er 500. Den aktuelle vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse 4 jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser langs riks- og fylkesveggar i Region vest (2013 – 2016)*.

Kommunen opplyser i brev av 19.05.2017 at tiltaket er i samsvar med arealføremålet jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås, og har bedt oss behandle søknaden.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Pb. 43, 6861 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør


Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Vedlegg

Situasjonsplan datert 20.06.2017

Krav til utforming av avkøyrsløp




Avkøyrseispunkt

	Avkøyrse - Gnr. 16 bnr. 17 - Lindås
	20.06.2017
	Målestokk 1:500
	Statens vegvesen


KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

PLANSKISSE AV AVKØYRSLE


Revidert
02/2017




LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE



SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE





Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
23. 06. 2017	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/177760-8

Dykkar referanse:

Vår dato:
21.06.2017

Uttale – Fv. 394 – Dispensasjon fra byggegrense – Gnr. 16 bnr. 17 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 19.05.2017.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om å opparbeide tilkomstveg til nytt bustadhus på gnr. 16 bnr. 17 i Lindås kommune. Statens vegvesen handsamar søknad om ny avkøyrsløse frå fv. 394 i eige vedtak. Vi viser elles til vår uttale av 02.02.2017.

Arealdelen av kommuneplan for Lindås har eigne føresegner om byggegrense langs veg jf. *1. Generelle føresegner og retningsliner. Pkt. 1.6.* Det er difor Lindås kommune som skal handsame søknad om dispensasjon frå byggegrense langs veg.

Statens vegvesen har rett å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. plan- og bygningslova § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale til søknad om dispensasjon frå byggegrense:

Byggegrense langs veg skal ivareta trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen. Byggegrense etter veglova gjeld forutan bustadhus og andre bygningar, også fast parkering og andre byggverk som veger, forstøtningsmurar osv.

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense langs veg for tilkomstveg til ny bustad på gnr. 16 bnr. 17 i Lindås kommune.

I søknadsprosessen er det vedlagt fleire forslag til tilkomstveg og avkøyrsløse. Det er ikkje oppgitt særleg avstand frå vegmidte i søknaden. Tilkomstvegen ligg i ei skråning nedanfor fylkesvegen. I brevet frå kommunen er det synt ei enkel prinsipiell skisse av tilkomstvegen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Tilkomstvegen utanom avkøyrslpunktet bør trekkast unna fylkesvegen i størst mogleg grad, med tanke på mellom anna seinare utbetring av fylkesvegen. Vi meiner det bør planleggast for ein avstand på minimum 10 meter frå vegmidte. Samstundes må ein også sørge for at tilkomstvegen ikkje vert for bratt. I avkøyrsløyvet er det satt krav til utforming av tilkomstveg dei 5 første meterane inn i avkøyrsla. Kommunen må vurdere om resten av traseen får tilfredsstillande stigningsforhold.

Det må elles settast krav om at eventuelt drenering under fylkesveg skal oppretthaldast og at det vert anlagt ein kum for bekken som går under fylkesvegen, slik det er synt i søknaden. Det skal vere også tilstrekkeleg snu- og manøvreringsareal på eigen eigedom.

Det kan ikkje krevjast erstatning frå Statens vegvesen for skader og ulemper som følgje av at tiltaket ligg nær fylkesveg 394.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak for klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
HÅVARD DYRKOLBOTN, STRANDA 480, 5993 OSTEREIDET